

Saksutredning:

STORTINGSMELDING 13 (2012-2013) "TA HEILE NOREG I BRUK" REGIONAL- OG DISTRIKTSMELDING

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

Sammendrag

Den nye meldinga for distrikts- og regionalpolitikken «Ta heile Norge i bruk» har ein klar distriktspolitisk bodskap og legg vekt på målsettinga om å bevare hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Hovudfokuset i meldinga er på områda utanom byane og dei utfordringane desse står overfor. Meldinga legg også stor vekt på at det er naudsynt med ein differensiert politikk tilpassa dei ulike regionane sine særpreg og spesielle utfordringar.

Bakgrunn for meldinga

Norge blir omtala som eit land som skil seg geografisk frå andre land i Europa på grunn av store avstandar mellom arbeidsmarknader og låg folketettleik. Dei regionale skilnadene når det gjeld inntekt og levekår er også relativt låge samanlikna med andre land, og derfor blir situasjonen omtala som ein økonomisk suksess trass geografiske utfordringar.

Demografiske endringar, utdanningseksplosjonen og utvikling av meir kunnskapsbaserte næringar blir trekt fram som sentrale faktorar for regionale samfunnsendringar. Det blir peika på at det har vore ein stor auke i folketalet dei siste åra, men framleis er det område som har demografiske utfordringar. Auken har i hovudsak kome i og rundt dei store byane, men også mange distriktskommunar har opplevd auke i folketalet. Den viktigaste årsaka blir knytt til innvandring. Det har også skjedd ei sentralisering av fødslar, noko som vil kunne virke inn på framtidas flyttemønster.

Alderssamsetnaden er viktig for kva for offentlege tenester det er behov for. Ein aldrande folkesetnad er ei utfordring for ein del utkantkommunar. Rekruttering av kvalifisert arbeidskraft er ei utfordring som mange bedrifter står ovanfor, spesielt i Nord-Norge og på Vestlandet.

Utdanningseksplosjonen og utvikling av meir kunnskapsbaserte næringar og den sentraliserande verknaden dette har hatt på næringsutvikling, vert framheva som viktig for utvikling av regionale ulikskapar. Kystområda frå Telemark til Møre og Romsdal står for det meste av eksporten. Dei områda som særleg har utfordringar er dei som ikkje er kopla til veksten blant anna i olje- og gassindustrien og

havbruksnæringa, slik som delar av Nord-Norge, indre fjordstrøk og i innlandet i Sør-Norge. Når det gjeld Vestlandet, blir det framheva at her finn ein dei største samanhengande områda med særleg høg sysselsetjing.

Det blir påpeika at ulike distriktsområde står ovanfor ulike utfordringar, og det gjer det naudsynt med ein meir differensierte politikk.

Dei tematiske områda i meldinga

Attraktive lokalsamfunn

Utvikling av attraktive lokalsamfunn er eit sentralt tema i meldinga, og kommunen som lokal utviklingsaktør og fylkeskommunen si rolle som rettleier i det kommunale utviklingsarbeidet blir framheva. Lokalt utviklingsarbeid kor samspelet mellom eldsjeler, frivillig sektor, næringsliv og kommune, og tilgang til/utbygging av nye bustader blir trekt fram som sentrale verkemiddel. Derfor vil regjeringa styrke lokal kapasitet og kompetanse i det lokale utviklingsarbeidet, stimulere til meir samarbeid mellom regionale og lokale aktørar, og føre vidare dei regionalpolitiske ordningane i det kommunale inntektssystemet. Tilgang på bustader er også noko det skal satsast på.

Transport og samferdsel

Meldinga legg vekt på følje opp perspektivet med kopling av arbeidsmarknader i framtidige prosessar med Nasjonal transportplan og stimulere til utbygging av breiband med høg kapasitet.

Rammevilkår for ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk

Den differensierte arbeidsgivaravgifta blir framheva som eit særskilt viktig distriktspolitisk verkemiddel, og denne vil bli vidareført. Det vil bli ei revidering av verkeområdet for investeringsstøtte, og målet er å kanalisere ressursane dit det er størst utfordringar. Det er store skilnader i utfordringar og potensial i ulike delar av landet, og dette krev regional tilpassing. Derfor blir hovuddelen av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel overført til fylkeskommunen. Fylkeskommunen si rolle som distrikts- og regionalpolitisk aktør blir understreka, og internasjonalt samarbeid blir nemnt som ein del av dette arbeidet.

Næringsutvikling og verdiskaping

Meldinga legg vekt på entreprenørskap og innovasjon i næringslivet og ønskjer å vidareutvikle den landomfattande infrastrukturen for innovasjon og nyskaping. Det blir sagt at verkemiddlemaktørane i større grad skal arbeide proaktivt, særlig innan område der utfordringane er størst, og fylkeskommunen si sentrale rolle i næringsarbeidet blir understreka.

Kompetanseheving i arbeidsmarknaden

Meldinga diskuterer utfordringane med rekruttering av og tilgang til kompetent arbeidskraft til arbeidslivet. I denne samanheng vert universitet og høgskular omtala som viktige senter. Det er særleg den betydning dei regionale høgskulane har for lokal rekruttering av studentar og arbeidskraft som blir framheva, og ein ønskjer og vidareføre ein spreidd struktur for høgare utdanning. Å utvikle eit regionalt

utdanningstilbod som er tilpassa den regionale arbeidsmarknaden er ei viktig målsetting i denne samanheng.

Politikk for område med særlege utfordringar og potensial

Meldinga seier at regjeringa vil fremje ein politikk som møter utfordringane og potensiala i små arbeidsmarknader.

Statleg lokaliseringspolitikk

Meldinga tek til orde for ei jamnare regional fordeling av statlege arbeidsplassar som kan medverke til og byggje opp profesjonelle fagmiljø også utanom dei større pressområda i landet.

Fylkeskommunens rolle

Når det gjeld fylkeskommunen si rolle for regional utvikling blir det lagt vekt på å tilpasse strategiar for politikk og planlegging ut frå regionale føresetnader og gjennom partnarskap og samarbeid med aktuelle aktørar. Også internasjonalt arbeid blir omtala, særleg deltaking i Interreg-prosjekt.

Vurderingar

Meldinga legg i stor grad vekt på den smale regionalpolitikken og dermed meir på distrikts- enn på regionalpolitikk. Det er særleg dei små og sårbare områda som er i fokus. Byane si rolle i det regionale landskapet og samspelet mellom by og distrikt, blir i mindre grad diskutert.

Meldinga slår fast at dei ulike distrikta er ulike, og står overfor ulike utfordringar. Der er derfor naudsynt med ein differensiert politikk tilpassa dei ulike regionane sine særpreg og spesielle utfordringar. Vestlandsfylka har etablerte samarbeid innan fleire område der ein ser ein vinst ved å arbeide nærmere saman. Vi ser at dei fire Vestlands-fylka har fellestrekks, men at ein i stor grad må tilpasse dei distriktpolitiske tiltaka til sine fylke og sine distrikt. Det er derfor utfordrande å peike på klare område der Vestlands-fylka saman skal løfte satsingar som er skissert i meldinga, ut over dei samarbeida som er etablert i dag.

Dersom det likevel skal peikast på eit område så er det nærliggande å peike på lokalisering av statlege arbeidsplassar. Vi har gode døme på utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo (m.a. Konkurransetilsynet til Bergen), og gode døme på at nyetableringar vert lagt til Vestlandet (m.a. Lotteritilsynet i Førde). Vestlandsrådet kan vurdere å intensivere innsatsen innan dette området, først og fremst retta inn mot lokalisering av ev nye funksjonar.

Lenke til meldinga:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-13-20122013.html?id=715615>

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek til vitande Stortingsmelding 13 (2012-2013) om distrikts- og regionalpolitikken «Ta heile Norge i bruk».

Vestlandsrådet vil peike på at meldinga i lita grad omhandlar kva rolle byer og regionale sentra spelar i det regionale Norge. Det same gjeld landsdelsentra. NOU 2011:3 «Kompetansearbeidsplasser – drivkraft for vekst i hele landet», blir utvikling av regionale sentra framheva som ein viktig strategi fordi det er naudsynt med ein viss størrelse på arbeidsmarknaden for at det skal verke attraktivt for etablering av arbeidsplassar innan kompetanseintensive næringar og for dei som skal arbeide i desse næringane. Vestlandsrådet vil peike på at relasjonane mellom by og distrikt og korleis byane kan være ein ressurs for sine omland er viktig, og at dette i alt for lita grad blir omtala i meldinga.

I meldinga blir det lagt vekt på den rolle desentraliserte utdanningsinstitusjonar har for rekruttering av arbeidskraft der utdanningsinstitusjonane ligg. Forsking blir omtala som viktig for næringsutvikling, men forsking og forskingsinstitusjonar blir i mindre grad knytt til utforming av strategiar for regional utvikling.

Vestlandsrådet saknar ein meir offensiv politikk i høve til utflytting av statlege arbeidsplassar. Vestlandsrådet vil arbeide for at fleire statlege arbeidsplassar vert lagt til Vestlandet, med særleg merksemd på eventuelle nyetableringer.

Vestlandsrådet ber om at det blir vurdert konkrete statlege arbeidsplasser som kan etablerast på Vestlandet. Samstundes ynskjer rådet at det vert laga ein strategi til hjelp i dette arbeidet.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.